


planID 1256 2014 0001

arkivID vv/gggg

-----  
Ordfører



## Meland kommune

### Reguleringsplan for Øvre Holsbergstien

*Gnr. 10 bnr. 40, 45 m.fl.*

#### Reguleringsføresegner

(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

Utval	Utarbeid	Sist endra	Sak	Godkjent	ArkivID
UDU					
UDU					
Kom.styre					

## § 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er synt på plankart i mål 1:1000, datert 15.11.2016

### § 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg (pbl § 12-5 ledd nr 1)
  - Bustader – frittliggjande småhus
  - Bustader – konsentrert småhus
  - Bustader– blokk
  - Vassforsyningsanlegg
  - Renovasjonsanlegg
  - Leikeplass
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr 2)
  - Veg
  - Køyreveg
  - Fortau
  - Gatetun
  - Gangveg/gangareal/gågate
  - Annan veggrunn – grøntareal
  - Parkering
3. Grøntstruktur (pbl § 12-5 ledd nr 3)
  - Grøntstruktur
4. Omsynssoner (pbl § 12-6)
  - Frisiktsone
5. Føresegnsområde (pbl. § 12-7)
  - Føresegnsområde

## § 2 Fellesføresegner

### § 2.1 Byggjegrensar

1. Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa vist på plankartet. Tiltak nemnd i pbl § 29-4 b, som frittliggjande garasje, uthus, liknande mindre tiltak, mindre murar langs veg, parkeringsplassar på bakken og interne turvegar/stiar kan plasserast innanfor bustadføremål og nærmare nabogrensa enn regulerte byggjegrensar. Mindre justeringar av byggjegrensar er tillat og må godkjennast av Meland kommune ved rammesøknad.
2. Der byggjegrense ikkje viser i plankartet er byggjegrensa samanfallande med føremålgrensa.

### § 2.2 Dokumentasjon til rammesøknad

1. Ved innsending av rammesøknad skal det leggjast ved situasjonsplan for dei ulike byggeområda med løysing for utomhus, felles leikeareal og minste uteopphaldsareal, universell tilgjenge, avkjørsel, parkering, snumoglegheit, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, tilhøve til omgjevnader, murar, fyllingar, skjeringar, trapper, gjerder og handtering av vatn og avlaup i høve overordna utomhusplan. Profilar og illustrasjonar skal syne volum og bygningsform samt tilpassing til terreng og omgjevnader.
2. Ved innsending av rammesøknad for områda BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3 og BBB4 skal det leggjast ved samla situasjonsplan for områda f\_SGT, f\_BLK2 og f\_BLK3 med løysing for dekker, beplantning, leikeapparat, universell utforming m.m.
3. Ved søknad om løyve til tiltak må støynivå dokumenterast og tiltak vurderast:
  - alle bustadeiningar skal ved fasade ha støynivå på mindre enn  $L_{den} = 65\text{dB}$
  - støynivå på utandørs leik- og opphaldsareal skal ikkje overksride  $L_{den} = 55\text{dB}$ .
  - alle soverom i kvar bustadeining skal ha vindaug mot fasade der støynivå ikkje overskrid  $L_{den} = 55\text{dB}$
  - støyvbøtande tiltak naudsynt for å oppfylla krav over skal visast med plassering og høgde i situasjonsplan, jf. § 2.2 pkt. 1.

### § 2.3 Rekkjefølgje

1. Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetting av arbeid på områder før det ligg føre ein godkjend utomhusplan samla for heile området med detaljerte planar for teknisk infrastruktur som vegframføring med murer/skjeringar, massehandtering, gatebelysning, VA-anlegg med vassforsyning, overvatn- og spillvassystem samt uttak for brannslukking.
2. Før det kan gjevast igangsettingsløyve må det etablerast utbyggingsavtale mellom utbygger og Meland kommune for gjennomføring av tekniske anlegg.
3. Utbygginga kan skje trinnvis. Før det kan gjevast bruksløyve for bustadane i dette byggetrinnet må samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur som høyrer til vere gjennomført og godkjend av Meland kommune, jf. § 2.3 pkt. 1.
4. Eksisterande tursti i aust må ved utbygging av o\_SKV leggjast om før igangsettingsløyve dersom den vert råka, og området må sikrast mot fallulykker.
5. Leikeplass f\_BLK5 skal vere ferdig tilrettelagt med sandleikeplass på min. 200 m<sup>2</sup> før det vert gjeve midlertidig bruksløyve/ferdigattest til bustadeiningane i område BKS7.
6. Leikeplass f\_BLK2, f\_BLK3 samt område avsett til gatetun (f\_SGT) skal vere ferdig tilrettelagt med sandleikeplassar og for etablering av leikeapparat før det vert gjeve midlertidig bruksløyve til bustadane i felt BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3 og BBB4, jf. § 2.2. pkt. 2.
7. Innanfor leikeplass f\_BLK4 skal det vere ferdig tilrettelagt med sandleikeplass på min. 250 m<sup>2</sup> før det vert gjeve midlertidig bruksløyve til bustadeiningane i området BKS5 og BKS6.
8. Køyreveg o\_SKV med fortau, o\_SF, må vere ferdig opparbeidd til avkjørsle til byggeområdet før det kan gjevast mellombels/ferdigattest bruksløyve for BBB1a, BBB1b og BKS2 BBB3 og BBB4.
9. Veg, f\_SV6, må vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for områda BKS5 og BKS6.
10. Veg, f\_SV7, må vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for området BKS6.
11. Veg, f\_SV4, må vere ferdig opparbeidd fram til avkjørsle til byggeområdet før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for områda BBB1a, BBB3 og BKS7.
12. Utbygginga skal skje slik at offentleg infrastruktur ikkje vert overbelasta. Skule og barnehagekapasitet skal spesielt takast omsyn til.

#### **§ 2.4 Krav til utforming**

1. Alle terrenngrep skal skje mest mogleg skånsamt. Inngrep i terrenget skal minimaliserast og skal bøtast på med tilplanting. Eksisterande steingardar skal skånast.
2. Murar høgare enn to meter skal i hovudsak terrasserast og tilplantast. Utforming av murar må avklarast og godkjennast i utomhusplan, jf. § 2.3, pkt. 1 og situasjonsplanar for dei ulike områda, jf. § 2.2 pkt. 1.
3. Murar og skjeringar høgare enn ein meter skal søkjast om og må sikrast.
4. Høgare skjeringar ved vegframføringa skal utformast med mur på langs veg, fylt med jord inn til skjeringa og tilplantast for å minske inngrepet og skjeringa.
5. Ved etablering av parkeringsdekke under bakken skal dette dimensjonerast slik at det toler oppfylling av lausmassar i minimum 80 cm høgde der dekket går under gatetun og uteoppfallsareal.
6. Bygningar og anlegg skal vere utforma i samspel med omgjevnadane i karakter og form. Bygningar skal ha ein heilskapleg form, volumoppbygging og fremje gode uterom og kontakt med omgjevnadane.
7. Omsynet til landskap skal sikrast i gjennomføring av anleggsarbeidet. Utforming av sideareal, revegetering og utforming av tekniske anlegg skal ferdigstillast saman med resten av veganlegget.
8. Overskytande jordmasser innanfor området skal i størst mogleg grad takast vare på innanfor området og nyttast ved ferdigstilling. Massebalanse skal ein prøve å oppnå i størst mogleg grad. Overskotsmasse som må kjørast ut skal leverast på godkjent massedeponi.
9. Ved utbygging skal godkjend VA-norm for Meland kommune nyttast, jf. § 2.3 pkt. 1.

#### **§ 2.5 Universell utforming**

1. Min. halvparten av nye bueiningar skal utformast som tilgjengeleg bueining.
2. Dersom det er spesielt vanskeleg terrengetilhøve kan prinsippet om universell utforming fråvikast. Universell tilgjenge skal dokumenterast i utomhusplan og i søknad om rammeløyve,

jf. pkt. 2.2 pkt. 1 og § 2.3 pkt.1.

## § 2.6 Utfyllande planar/dokumentasjon

1. VA-rammeplan  
VA-rammeplan, datert 4.12.2015 skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og rammesøknad.
2. Støyrapport  
Støyrapport, datert 18.11.2015 skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og rammesøknad.
3. Illustrasjonsplan  
Illustrasjonsplan, datert 23.2.2016, er retningsgjevande for plassering av bygg, parkering, leik- og uteoppfallsareal. Mindre tilpassing av høgder på vegar, fortau, gatetun, parkering og leikeplassar kan gjennomførast. Dette under føresetnad av omsyn til god samanheng mellom tilstøytande område.

## §2.6 Automatisk freda kulturminne

1. Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i forbindelse med gravearbeid, skal arbeid stoppast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

## § 3 Busetnad og anlegg (PBL § 12–5 ledd nr 1)

### § 3.1 Minste uteoppfallsareal og felles leikeareal

1. Minste uteoppfallsareal (MUA)  
Minste uteoppfallsareal for områda BBB1a, BBB1b, BBB3 og BBB4 må vere minimum 50 m<sup>2</sup>. Delar av arealet kan omfatte altan/terrasse/balkong i tilknytning til bustadeininga og resten av arealet kan omfattast av føremålet gatetun, f\_SGT.  
Det skal setjast av minimum 50 m<sup>2</sup> minste uteoppfallsareal (MUA) pr. bustadeining innanfor områda BKS2, BKS5, BKS6 og BKS7. Minste uteoppfallsareal skal løysast innanfor byggeområdet og kan omfatte felles gatetun, for BKS2, plassar og areal rundt planlagde bygg.  
Minste uteoppfallsareal skal ha følgjande kvalitetar:
  - Skal vere skjerma mot sjenerande vind, støy, sterke elektromagnetiske felt og trafikkfare.
  - Areala skal ha tilfredstillande støynivå ihht. støyretningsline T-1442 (2012).
  - Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med i krav til MUA.
  - Det skal leggjast vekt på at utomhusareala tilfører fellesskapet ein kvalitet som knyt bustadområdet saman på ein heilskapleg måte.
2. Felles leikeareal
  - Det skal setjast av minimum 50 m<sup>2</sup> til felles leikeareal pr. bustadeining for alle områda. Alle bustader skal ha tilgang til sandleikeplass ikkje mindre enn 50 m frå bustaden.
  - Areal avsett til leikeareal skal ha solrik plassering, ikkje vere brattare enn 1:3, ha ei funksjonell form og skjermast mot vêr, vind, støy, forureining, trafikkfare og anna helsefare.
  - Regulerte felles leikeplassar f\_BLK2 – f\_BLK5 skal ha følgjande kvalitetar:
  - Leikeplassar skal plasserast og utformast slik at dei er eigna for leik og opphald heile året, og kan nyttast av ulike aldersgrupper. Det skal leggjast til rette for samhandling mellom barn, unge og vaksne.
3. Leikeområda f\_BLK2 og f\_BLK3 skal opparbeidast med sandleikeplass og leikeapparat/møblement som innbyr til aktivitet og felles samlingsplass og skal så langt råd er vere universelt utforma.
4. Leikeområda f\_BLK4 og f\_BLK5 skal i hovudsak nyttast som naturleikeplassar. Områda skal ha universell tilkomst frå nærliggjande bustadområde og parkeringsplass, men skal oppretthalde karakteren av naturområde. Arealen kan etablerast med element som sittebenk, klatretau, sklier, klatrenett m.m. Naturleg vegetasjon, spesielle treklynger, utsiktspunkt og verdifull

vegetasjon skal bevarast i størst mogleg grad.

5. Leikeområdet f\_BLK4 skal opparbeidast med min. 140 m<sup>2</sup> sandleikeplass ved område f\_SPA4 og skal ha universell tilkomst frå område BKS6.
6. Leikeområdet f\_BLK5 skal opparbeidast med min. 200 m<sup>2</sup> sandleikeplass min. 50 m frå bustadeiningar innanfor BKS7 og skal ha universell tilkomst.
7. f\_BLK1 er felles for alle bustader innanfor gjeldande reguleringsplan for Holmemarka Aust.
8. f\_BLK2 er felles for område BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3 og BBB4.
9. f\_BLK3 er felles for område BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3, BBB4 og BKS5.
10. f\_BLK4 er felles for område BKS5 og BKS6.
11. f\_BLK5 er felles for område BKS7.

### § 3.2 Bustader- frittliggjande småhus (BFS)

1. Område merka BSF stadfestar gjeldande arealbruk med tilhøyrande byggehøgder og utnytting.

### § 3.3 Bustader - konsentrert småhusbusetnad BKS2, BKS5, BKS6 og BKS7

#### Bustader- blokk BBB1a, BBB1b, BBB3 og BBB4

1. Byggehøgde og utnytting  
Utnyttingsgrad for byggeområda er vist i tabell under. Byggehøgder er påført plankart. Det kan innanfor områda BKS2, BKS5, BKS6 og BKS7 førast opp rekkjehus og innanfor områda BBB1a, BBB1b, BBB3 og BBB4 førast opp leilegheitsbygg med tilhøyrande infrastruktur, uteoppfallsareal og funksjonar.

Formål	Område	Utnytting % BRA	Maks kote byggehøgde
Bustader- Konsentrert småhusbusetnad og blokkbusetnad	BBB1a	145 %	Kote + 80 m
	BBB1b	160 %	Kote + 80 m
	BKS2	90 %	Kote + 83 m
	BBB3	140 %	Kote + 86 m
	BBB4	80 %	Kote + 86 m
	BKS5	115 %	Kote + 96,5 m
	BKS6	100 %	Kote + 98 m
BKS7	40 %	Kote+ 68,5 m	

2. Maksimal tillat tomteutnytting innanfor gnr./bnr. 10/40 for områda BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3, BBB4, BKS5 og BKS6 samla sett er maks 30 % BRA.
3. Det kan innanfor område BKS7 førast opp fleirmannsbustad med tilhøyrande infrastruktur, parkering og funksjonar.
4. For område BBB1a, BBB1b, BBB3 og BBB4 skal parkering etablerast som anlegg under bakken/under bygg/gatetun, jf. § 7.1.
5. Høgda på trappehus, heishus og nødvendige tekniske installasjonar kan overstige maksimal byggehøgde med 1,5 meter.
6. Støy  
Dersom støy er dokumentert over tilfredsstillande grenser oppgjeve i kommuneplanens arealdel skal avbøtande tiltak utførast, jf. § 2.2 pkt. 3.
7. Bustadeiningane innanfor områda BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3, BBB4, BKS5 og BKS6 skal organiserast som eit sameige, der kvar enkelt bustadeining får eit eige seksjons nr. Ein brukseining kan bestå av ein hovuddel og ein eller fleire tilleggsdelar. Grønstruktur, leikeplasser, gatetun og køyreveggar skal inngå i et realsameige.

### § 3.4 Renovasjonsanlegg

1. f\_BRE1-f\_BRE4 skal nyttast til renovasjon- hushaldningsavfall, ha fast dekke og skjermast i størst mogleg grad.
2. f\_BRE1 er felles for område BKS7, BBB1a og BBB3.
3. f\_BRE2 er felles for område BBB1b, BKS2 og BBB4.
4. f\_BRE3 er felles for område BBB3 og BKS5.
5. f\_BRE4 er felles for område BKS6.

### § 3.5 Vassforsyningsanlegg

1. o\_BVF er offentlig og er forbeholdt vassforsyning og trykkaukingsstasjon.

## § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12–5 ledd nr 2)

Innanfor arealformål regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er det høve til å justere grenser og endre grenser for desse formåla for gjennomføring av veganlegget i ulike byggetrinn.

### § 4.1 Køyreveg

1. Køyreveg, o\_SKV, omfattar offentlig veg med tilliggjande fortau. Køyreveg skal opparbeidast med utforming og vegbreidder som vist på plankartet.

### § 4.2 Veg/avkjørsler

1. Veg/avkjørsle f\_SV1 er felles for gnr./bnr 10/274, 273 og 272.
2. Veg/avkjørsle f\_SV2 er felles for gnr./bnr 10/276 og 275.
3. Veg/avkjørsle f\_SV3 er felles for gnr./bnr 10/278 og 277.
4. Veg/avkjørsle f\_SV4 er felles for områda BBB1a og BKS7, gnr./bnr. 10/43,57, 10/78, 10/46, 58, 77.
5. Veg/avkjørsle f\_SV5 er felles for område BBB1b og BBB4.
6. Veg/avkjørsle f\_SV6 er felles for områda BKS5 og BKS6.
7. Veg/avkjørsle f\_SV7 er felles for området BKS6

### § 4.3 Fortau

1. o\_SF er offentlig fortau langs køyreveg o\_SKV.
2. Fortau skal utformast etter prinsipp om universell utforming der terrengtilhøva gjer det mogleg.

### § 4.4 Gangveg

1. f\_SGG1, f\_SGG2 og f\_SGG3 er felles for områda BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3, BBB4, BKS5 og BKS6.

### § 4.5 Annan veggrunn – grøntareal

1. Går fram av plankartet og gjeld fyllingar, skjeringar, rekkverk, murar, grøfter og andre tekniske anlegg langs vegsystemet innanfor planområdet. Arealet skal òg nyttast til tilpassing mellom veg og tilgrensande formål.
2. Fyllingar skal dekkjast til med jord og plantast til.
3. Murar og skjeringar høgare enn 1 meter må sikrast.

### § 4.6 Parkering

1. Det skal leggjast opp til to parkeringsplassar til bil pr. bustadeining for områda BKS2, BKS5, BKS6, BKS7. Av tal på parkeringsplassar innanfor f\_SPA1, skal 35 % reserverast som gjesteparkingsplassar og innanfor f\_SPA2, f\_SPA3 og f\_SPA4 skal 20 % reserverast til gjesteparkering runda opp til næraste heile tal.
2. Innanfor områda BBB1a, BBB1b, BBB3, og BBB4 skal det setjast av 1,5 p-plassar for bil og 0,5 sykkelparkering pr. bustadeining. Av tal på plassar skal min. 5 % vere utforma og reservert rørslehemma. Min. halvparten av alle parkeringsplassar for bil innanfor #1 skal ha moglegheit for å etablerast med ladepunkt for elbil. Utandørs sykkelparkering skal etablerast under tak og med moglegheit for kunne låsast fast.
3. f\_SPA1 er felles for området BKS2 samt BBB4 ved lang avstand frå bustad til parkering.
4. f\_SPA 2 er felles for områda BKS5 og BKS6.
5. f\_SPA3 er felles for områda BKS5
6. f\_SPA4 er felles for BKS6.
7. f\_SPA5 er felles for gnr./bnr. 10/43,57, 10/78, 10/46, 58, 77.

### 4.7 Gatetun

1. f\_SGT er felles for BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3 og BBB4.
2. Innanfor området gatetun skal det opparbeidast leikeplassar med sandkasser, beplantast, lagast

gågater, felt for sykkelparkering m.m.. Det skal vere nok plass til at utrykkingsbilar kan køyre fram til bustader samt høve til å snu innanfor gatetunet. Området kan nyttast som grunnlag for minste uteopphaldsareal for områda BBB1a, BBB1b, BKS2, BBB3 og BBB4.

3. Gatetunet ska vere universelt utforma.

## **§ 5 Grønstruktur**

1. Eventuelle fyllingar/skråningar ved vegframføring er tillate og skal vere jordbeslått.

## **§ 6 Omsynssone (PBL § 12–6, jf. § 11–8a)**

### **§ 6.1 Frisiktzone**

1. Frisiktsoner går fram av plankartet.
2. I frisiktsona er det forbode med fyllingar, bygningsmessige konstruksjonar og planting m.m. som er til hinder for frisikt 0,5 meter over vegplanet.

## **§ 7 Føresegningsområde**

### **§ 7.1 Føresegningsområde**

1. Innanfor føresegningsområdet, #1, er det tillate å oppføre parkeringskjellar under føremålet gatetun (f\_SGT), utanfor føremålet BBB1a og BBB1b.
2. Innanfor føresegningsområda, #2, skal det opparbeidast ny/takast vare på tursti i området. Illustrasjonsplanen er retningsgjevande for plassering av tursti.